



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/2317-1

19. oktober 2020

Rundskriv N-1/2021 - Garantium for løyver for 2021 - Oppheving av Rundskriv N-1/2020

1. Garantium for 2021

Etter forskrift 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport innenlands med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften) § 7 skal søkjar ved søknad om eit løyve leggje fram ei garantierklæring frå bank eller forsikringsselskap på ein kroneverdi tilsvarande 9000 euro. For løyver ut over dette gjeld ein kroneverdi tilsvarande 5000 euro for kvart løyve.

Etter yrkestransportforskriften § 7 skal verdien på euro i kroner fastsetjast for ein periode på eitt år. Kroneverdien av euro skal fastsetjast i samsvar med forordning (EU) nr. 1071/2009 art. 7 nr. 1 for alle løyvekategoriane. Kursen skal vere den kursen som er kunngjort offisielt i kvar EFTA-stat per 1. oktober 2020¹. Norges Bank publiserer valutakursar kvar dag i samsvar med forskrift 8. august 2001 nr. 914 om Norges Banks notering av markedskurser for valuta uttrykt i norske kroner. Valutakursane er tilgjengelege på heimesidene til Norges Bank². Kursen på 1 euro per 1. oktober 2020 er NOK 10,9073.

I perioden frå 1. januar 2021 til 31. desember 2021 er garantisummen etter avrunding sett til 98 000 kr for det første løyvet og 55 000 kr for dei påfølgjande løyva i kvar løyvekategori.

Det skal ikkje gjerast endringar i eksisterande garantiar, bortsett frå i tilfelle som nemnt i pkt. 2.

2. Ombyting av garanti

¹ <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/ALL/?uri=CELEX:C2018/353/01>

² <https://www.norges-bank.no/statistikk/valutakurser/>

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikkikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Jan Vidar Weltzien
22 24 82 51

Når ein garanti avløyser ein annan, reknast dette for ombyting av garanti. Dette gjeld både ved skifte av garantist og ved opptrapping og nedtrapping av talet på løyver. Ved ombyting av garanti må garantisummen reknast på grunnlag av dei nye garantisummane for alle løyvene til løyvehavaren.

3. Garantierklæring ved årsskiftet 2020/2021

Søknad om løyve som kjem inn før 1. januar 2021, kan følgje den garantisummen som gjaldt på søknadstidspunktet dersom søknaden er komplett.

Søknad om løyve som kjem inn etter 1. januar 2021, må bruke garantisum for 2021.

4. Historiske garantisummar

Historiske garantisummar er som følgjer:

År	Første løyve i kvar løyvekategori	Påfølgjande løyve i kvar løyvekategori
2020	90 000	50 000
2019	85 000	47 000
2018	84 000	47 000
2017	81 000	45 000
2016	85 000	47 000
2015	73 000	41 000
2010-2014	77 000	43 000
2005-2009	75 000	42 000
2000-2004	75 000	42 000

5. Oppheving av rundskriv

Rundskriv N-1/2020 vert oppheva frå 1.1.2021

Med helsing

Lasse Lager (e.f.)
avdelingsdirektør

Jan Vidar Weltzien
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Adresseliste
Agder fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
NHO Transport
Nordland fylkeskommune
Norges Lastebileier-Forbund
Norges Taxiforbund
Norges Transportforbund
Norges Turbileierforbund
Oslo kommune - Byrådsavdeling for miljø og samferdsel
Rogaland fylkeskommune
Statens vegvesen
Statens vegvesen Region vest
Troms og Finnmark fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Viken fylkeskommune
Yrkestrafikkforbundet